

# Opningstider

## Hovudbiblioteket

Tirsdag	11.00-14.00 og 15.00-19.00
Onsdag	11.00-14.00
Torsdag	15.00-19.00




På biblioteket kan du låne bøker, lydbøker, filmar, musikk, blad, aviser, dataspel, PC, iPad.

Vi har eit variert utval av bøker, både gamle gode og nye ukjende. Vi har kokebøker, jaktbøker, historiebøker, songbøker, reisehandbøker, stor samling bøker om krigen osv. Vi har også godt utval av både filmar og musikk. Noko for ein kvar smak.

Vi har sitteplassar, der du kan vente på bussen eller ein ven, eller berre slappe av med eit blad eller ei avis.

Dersom vi ikkje har akkurat det du ønskjer, kan vi skaffe det til deg.

**Berre kom og spør!**



## Bremanger folkebibliotek

6721 Svelgen  
Tlf. 916 65 053 / 916 57 271  
[brembib@bremanger.kommune.no](mailto:brembib@bremanger.kommune.no)

Oppdatert 20. januar 2017



### **OBS!**

**Biblioteket er stengt nokre veker om sommaren. Sjå oppslag!**

# Reglement

Alle med fast adresse i Noreg kan få lånekort. Barn under 15 år må ha underskrift av føresette for å få lånekort. Er ein over 15 år, må ein oppgi personnummer og vise legitimasjon for å få kort.

Utanlandske lånarar kan få eige kort, dersom dei enten har norsk personnummer, D-nummer (utanlandsk statsborgar som skattar til Noreg) eller DUF-nummer (innvandrarar og asylsøkjjarar).

Adresseendring eller tap av kort må meldast til biblioteket. Lånekortet skal ein ha med seg for å låne. Lånaren er ansvarleg for alt materiale som vert lånt på kortet. Tap må erstattast etter biblioteket sine reglar. Lånekort blir sperra etter 4 purringar.

Lån til skuleklassar, skal ha ein lærar som ansvarleg for materialet og ev. tap skal erstattast av skulen.

Utlånt materiale kan reserverast om lånaren ønskjer det. Biblioteket kan fjernlåne bøker frå andre bibliotek, dersom vi ikkje har dei sjølv.

Lånaren er ansvarleg for all skade på materialet som er lånt på vedkomande sitt lånekort. Føresette er ansvarlege for borna sine lån.

*Biblioteket er ikkje ansvarleg for skader som måtte oppstå på avspelingsutstyr.*

## Internett og PlayStation 4

Ein kan bruke Internett og PS4 inntil 30 min. Dersom ingen andre ventar på å bruke maskinene, er det høve til å sitte lenger.

**Feil ved maskiner eller programvare skal meldast til personalet.**

## Film og dataspel

Barn kan låne filmar og dataspel med aldersgrense opp til sin eigen alder. Dei kan kun lån på sitt eige kort, ikkje for andre.

## Lånetid

Bøker/lydbøker	4 veker
Tidsskrift	4 veker
Musikk	4 veker
CD-ROM	4 veker
Språkkurs	2 månader
Video/DVD	7 dagar
Internett og PS4	30 minutt

## Gebyr

*Det er gratis å låne, men det kostar å ikkje levere attende. Om ikkje bibliotekmaterialet blir levert inn etter 3. purring, skal det erstattast etter innkjøpspris eller følgjande prisar:*

Bøker for barn (skj./fag)	350,00
Bøker for vaksne (skj./fag)	450,00
CD (enkel/dobbel)	200,00 - 250,00
PC-spel	200,00 - 500,00
Filmar	200,00
Lydbøker (mp3/CD/digi)	250,00 - 450,00
Lydbøker - enkeltplater	150,00
Teikneseriar (h./ib.)	100,00 - 400,00
Tidsskrift	100,00
Deler av verk (skj./fag)	500,00
Språkkurs	500,00 - 1600,00
Digispelar	500,00

**Utskrift (svart/kvitt) kostar kr 3,00 pr. ark  
Over 20 stk. kr 1 pr. overstigande ark.**

**Avdelinga med aviser er open når kafeen er open!**

No kan du lese avisene også i helgane, dei ligg i kafeen på hotellet



## Lån e-bøker på biblioteket!



1. Last ned appen eBokBib
2. Logg inn med lånarnummer og pinkode frå biblioteket
3. Finn e-bøker, last ned og les!

<http://ebok.sfi.no/>

## Websøk og Mobilapp



Biblioteket sin katalog er tilgjengeleg på mobil og nett. Der kan du søke på bøker, lydbøker, filmar, musikk og dataspel som vi har på biblioteket. Finn du noko du likar, kan du reservere det. Dersom du loggar deg inn med lånarnummeret ditt, får du oversikt over alle låna dine, og fornye dei dersom du ønskjer det.

*Med mobilappen har du alltid med deg lånekortet!*



Bli vår venn på Facebook, så får du lett tilgang på oppdaterte nyhende om biblioteket. Vi legg til dømes ut opningstidene våre, om vi skal stenge pga. av kurs og liknande. Elles informerer vi om arrangement i biblioteket, nye gode bøker, lydbøker, filmar og anna nytt vi får inn.  
<http://www.facebook.com/folkebibliotek>

**Utanom biblioteket si opningstid kan bøker, filmar, osv., leggest i bokskap i gangen på Rådhuset eller i kafeen på hotellet!**